



SAGAPARKEN
PANORAMA

Bu deg
på godt nytt



Ved sjøen på beste vestkant

Eid har vore, og er, eit naturleg midtpunkt i regionen. Enten du jobbar her, eller dagpendlar til arbeid eller skule i Måløy, Stryn eller Sandane – eller til Volda for den saks skuld, er Eid ein ideell stad å busetje seg. Alle desse stadane kan nåast innan 45-60 minutts reisetid.



Nordfjordeid er frå gammalt av ein strandstad, der husa låg i sjøkanten og fjøra var eit naturleg knutepunkt mot fjorden og kommunikasjonen som kom sjøvegen frå nær og fjærn.

Vi er stolte av historia vår

Heilt sidan vikingtida har Eid vore eit viktig senter med stor aktivitet på land, og ikkje minst på Eidsfjorden der skipa til tider låg tett i tett. Dei rike funna på Myklebust vitnar om at Eid var ein sentral stad i vikingtida.

Nye Nordfjordeid

Mykje spanande har skjedd siste året på Nordfjordeid. I september 2016 vart eit nytt parkområde opna i Nordfjordeid sentrum. Parken har fått det klingande namnet, Sagaparken – mykje på grunn av Eid si stolte vikinghistorie og at akkurat her skal opplevingscenteret Sagastad byggast. Og rosina i pølsa vert det prektige vikingskipet – Myklebustskipet – som akkurat i desse dagar vert bygd på området.

Sagaparken er allereie blitt eit populært mål for turar og rekreasjon, og parken ved fjorden har blitt eit nytt og attraktiv andlet mot vest.

I oktober 2016 vart det nye handlessenteret Amfi Nordfjord opna. Senteret har fått ei betydeleg utviding som har gjeve ein solid vekst i besøks- og handelstal. Senteret ligg vegg i vegg med det nye Sagaparken Panorama.

Sagaparken, Sagaparken Panorama og Sagastad

Namnet vårt – Sagaparken Panorama, fekk vi laga på bakgrunn av historia vår, og med tanke på Sagastad-senteret som skal byggast i Sagaparken. Vi er veldig stolte av å vere ein del av det nye Sagaparken-området. Ein ny «bydel».

Når Myklebustskipet, Sagastad og våre nye leileghetsbygg er ferdig bygde i 2017-19, vert dette område å sjå på som Nordfjordeids «beste vestkant».

Elles har Eid svært mykje anna godt å by på. Tenk berre på Opera Nordfjord, Operahuset med arrangement og aktivitet året rundt, Malakoff Rockfestival, Elskhug og Eksis - eit historisk spel basert på militæraktiviteten på 17-1800-talet, Eidsgata og handel elles, skule- og helsetilbod for eit vidt omland, hingsteutstilling og hestesenter, skisenter, reiseliv og anna næringsliv. I dag er Eid inne ein positiv periode med rivande utvikling, noko som gjer Eid til ein attraktiv stad – den rette staden å busetje og etablere seg på.

Med den nye Sagaparken, Amfi-senteret og Sagaparken Panorama tett ved sjøkanten, vender Nordfjordeid no seg på nytt mot fjorden i vest og er med og skapar ei ny historie i Eid.





Kort veg til alt

På Sagaparken Panorama bur du midt i smørauget

Ein heilt ny kvardag på Nordfjordeid
— ein stad i rivande utvikling

Draumen om ein enklare kvardag

Sagaparken Panorama er blitt ein suksess. Vi er stolte av å kunne meddele at vi no startar salet på andre byggetrinn. Nytt bygg, nye leiligheter, men med same fantastiske utsikt mot Eidsfjorden, og med beliggenheit tett opp til den nye Sagaparken. Her vil du kunne velge mellom 15 lyse og moderne leiligheter – heilt i sjøkanten på Nordfjordeid sin beste vestkant. Bygget har eige parkeringsanlegg og heis opp til leilighetene. I fjerde etasje vil du finne ein stor, felles takterasse med rom for mange aktivitetar.

Sagaparken, det nye parkanlegget rett ved leilighetene, er blitt ein ny – grøn møteplass for nærturar, leik og moro for små og store. Her finn du badestrand, sandvollyballbane, grillplass og treningsinstallasjonar. Ynskjer du heller fred og ro, så kan du trekke deg tilbake på di eiga terrasse. Her kan du nyte fjorden, fjella og det levande uterommet, eller du kan opne dei store skyvedørene for å sleppe naturen inn. Kanskje det er slik du ynskjer å leve det enkle liv?



Mangfoldige Nordfjordeid



Sagaparken

Nytt friområde rett utanfor leilighetene i Sagaparken Panorama. Her vil du finne ei fin lita badestrand, sandvolleyballbane, grillplass, leikeplass, m.m. Den nye Sagaparken er allerede blitt ein favoritt for rekreasjon og urbant parkliv.

Harpefossen

Harpefossen Skisenter er lokalisert i Hjelmelandsdalen, 10 kilometer utanfor Nordfjordeid sentrum. Harpefossen tilbyr det største og mest komplette alpinanlegget i Sogn og Fjordane med 6 heiser og 13 nedfarter i velpreparerte trasear. Anlegget tilbyr òg 15 km preparerte trasear for langrenn og eit løypenett som går gjennom 5 idylliske fjellsetrar.

Stokkenes Golvpark

Stokkenes Golfpark er ei 9 hols bane som ligg fint til langs lakselva Eidselva. Parken er plassert 2 kilometer aust for sentrum. Nordfjord Golfklubb held til på Stokkenes Golvpark.

Operahuset Nordfjord

Operahuset Nordfjord er eit landskjend opera- og kulturhus på Nordfjordeid. Operahuset blei ferdigstilt i 2009 og er tilknytt Eid vidaregåande skule. Bygget huser òg operaselskapet Opera Nordfjord, kinosal og kommunalt bibliotek. Operahuset Nordfjord ligg ca. 400 meter frå Sagaparken Panorama.

Kulturhuset Gamlebanken

Fleirbruks-hus med kunstgalleri med utstillingar i 3 etasjar. Huset rommer òg egen pub, selskapslokale og møterom.

Eid Idrettshus

Eid Idrettshus ligg tett ved Eid sentrum, og her finn du idrettshall og svømmehall. Utanfor idrettshuset er der òg ei fin kunstgrasbane.

Norsk Fjordhestsenter

Norsk Fjordhestsenter er det nasjonale senteret for Fjordhesten. Senteret er eit ressurscenter for fjordhesten med informasjons- og rådgjevingstenester. Ei av hovudoppgåvene er å fremje avl og bruk av fjordhesten.

v



Godt å kome heim





Flotte parkområder

Klatrepark og ny grøn møteplass for nærturar. Badestrand og grillplass. Opplevingssenteret Sagastad med Norges største vikingskip. Alt dette i ditt nye nærområde.

Parkeringsanlegg

I første etasje ligg P-plan på 618 m² med 21 p-plassar. Trapperom med heis til leilegheitene i bygget. I tillegg ligg også sportsboder på plan 1.

Felles uteareal

Bygget har felles uteareal i 2. etasje. Her har du god oversikt over Eidsfjorden, og ein flott stad å møte dine naboar.

Felles takterasse

i 4. etasje vil du finne ein felles takterasse på 150 kvm med rom for mange aktivitetar som t.d hestesko-kasting og boccia.



Her er det enkelt å trivast, både inne og ute



Vestvendt og fritt, med ei fantastisk utsikt

Å flytte inn i leilighet betyr for mange å åpne døra for ein ny, meir aktiv livsstil. Den som er kjend på Nordfjordeid, kjenner moglegheitene som byr seg rett i nærleiken: Godt utval av butikkar, kaféar og andre servicefunksjonar, kollektivtrafikk, store turområder og ei varm og hjartenær bygd.





Felles takterasse med boccia-bane



Alltid godt å kome heim!

Staden du bur på blir ein del av deg. Dersom du trivast heime, får du betre livskvalitet og ny energi.

Leilegheitene

- 2-,3- og 4-roms leilegheiter
- Frå 63,8 til 99,3 m²
- Sjølveigarleilegheiter
- Store terrassar/balkongar
- Felles takterasse
- Felles uteareal
- Sportsbod
- P-plan med heis





P-plan med boder

Parkeringsplass til alle leilegheitene
Sportsboder



4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.


BRA 85,3 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkeringsplass i kjellar



Leilegheit 202

3-roms leilegheit
med fantastisk
utsikt mot fjorden.




BRA 83,9 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 203

4-roms leilegheit
med fantastisk
utsikt mot fjorden.

BRA 84,2 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 204

2-roms leilegheit
med fantastisk
utsikt mot fjorden.

BRA 63,8 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar





Leilegheit 205



4-roms leilegheit
med fantastisk
utsikt mot fjorden.


BRA 99,3 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 301

4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.




BRA 85,3 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 302

3-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.


BRA 83,9 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 303

4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 84,2 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar






Leilegheit 304



2-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 63,8 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 305

4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 99,3 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar






Leilegheit 401



4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 85,3 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 402

2-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 63,8 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar





Leilegheit 403



4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 99,3 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar



Leilegheit 501

2-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 63,8 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar





Leilegheit 502



4-roms leilegheit med fantastisk utsikt mot fjorden.

BRA 98,5 m²
+ sportsbod
Terasse
Parkingsplass i kjellar





Leveransebeskrivelse

Blokk B Sagaparken Panorama pr. 17.10.17.

Denne leveransebeskrivelsen er utarbeida for å orientere om bygningens viktigaste bestanddelar og funksjonar.

Prosjektet blir byggemeldt i henhold til TEK10.

Det kan førekomma avvik mellom prosjektbeskrivelse og teikningar. I slike tilfeller er det alltid denne prosjektbeskrivelsen og overflateskjemaene som er retningsgivande.

Enkelte illustrasjonar i teikningsmaterialet kan vise forhold som ikkje er i samsvar med eller er del av leveranse, som møblering, fargeval, dør og vindaugsform, bygning-smessige detaljar, til dømes fasadedetaljar, fellesareal, materialval, blomsterkassar, beplantning, fargesetting etc.

Vindaugsplassering i den enkelte leilegheit kan endrast som følgje av m.a. den arkitektoniske utforminga av bygget. Det kan bli naudsynt med innkassingar av tekniske installasjonar som ikkje går fram av planteikningane.

KONSTRUKSJON

Bygningen blir oppført med berekonstruksjon i plasstøyp betong, betongelement, stål og tre.

Etasjeskille blir utført med holdekke/støyp plate og nødvendig isolasjon for lyd og branngjennomgang, med løysingar etter TEK10. Påstøyp på våtrom for å sikre fall mot sluk etter gjeldande foreskrift.

Ytterveggane blir utført med stål/trestendarar og kledd med tre kledning i kombinasjon med platekledning utvendig. Innvendige overflater blir gipsa, sparkla, stria og målt, unnateke vegg i betong som blir sparkla, stria og målt.

Takkonstruksjon blir bygd som kompakte takelement av typen Lett-tak eller liknade. Nedsenka himling av gipsplater i alle rom.

Innvendige lettvegger er isolerte, og har stål/trestendarar og er kledd med gipsplater, sparkla, stria og målt.

I bad, gang og andre begrensa områder kan takhøgde vere senka pga. røyrføringar.

Ein må pårekne eventuelt synlege innkassingar for røyrføringar.

Himling i leil. blir utført med nedsenka himlingskonstruksjon, med gipsplater til overflate.

Himling i fellesgang/trapperom blir utført med malt betong.

Balkong leverast med rekkverk i glas, med stål/alu konstruksjon. Balkongdekke av ubehandla betong.

Altanar og andre konstruksjonar i betong er å sjå som utvendig konstruksjon, og mindre ansamlingar av vatn vil kunne oppstå på overflater og i renner etter regnver. Svinnsprekker i betong vil kunne oppstå, utan at dette forringar kvaliteten på betongkonstruksjonen, og er ikkje reklamasjonsberetiga.

INN. OVERFLATER

Overflater

Sjå overflateskjema som syner overflater på golv, vegg, og himling i alle rom.

Dører

Alle dører blir levert ferdigmålte, kvit glatt, med kvite karmar og dørvidar i blank eller børsta stål. Boddører levert uisolert med behandla overflate.

Nedfora himling/innkassing

Teknisk røyrføringar som elektro, ventilasjon og vvs vil i varierende grad bli montert i himling og langs vegg. Røyrføringar vil i all hovudsak bli skjult i innkassingar og nedfora himlingar, med overflate lik omkringliggende konstruksjon. Innkassingar syner ikkje på teikningsmaterialet.

UTSTYR

Kjøken

Kjøkkeninnreiing blir levert av anerkjent leverandør. Kjøkken leverast i prisklasse komfort og kan oppgraderast til premium. Det blir gjennomført eigne avklaringsmøte med kjøkkenleverandør som muliggjer personleg utforming og tilpassing av kjøkken.

Det kan ikkje påreknast at ein kan flytte posisjonar for installasjonar som krev tilkopling av vatn, avløp eller straum.

Endeleg kjøkkenteikning vil bli utteikna av leverandør, og i denne prosessen kan det skje ei omfordeling av dei enkelte kjøkkenkomponentane og mindre justeringar må påreknast ved detaljert utforming av prosjektet. Eiga kjøkkenteikning for den enkelte leilegheit vil bli utarbeidd og overlevert på tilvalsmøtet med kvar enkelt leilegheitskjøpar. Vi tar forbehold om å tilpasse spesifikasjoner til produsenten kjøkken sitt sortiment, slik at spesifikasjon kan avvike frå beskrivelsen/teikningar. Kvitevarer inngår ikkje i leveransen.

Bad

Bad blir levert av anerkjent leverandør. Det blir levert og montert dusjarmatur og garnityr. Baderomsinnredning i kvit utførelse tilpassa størrelse på kvart bad, frå anerkjent leverandør. Servant, med eittgreps blandebatteri. Standard golvstående toalett.

Det blir levert dusjvegger i utførelse av glass, kombinert med plassbygd vegg der det er behov for dette. Dusjhjørne/dører kan ikkje reknast som vasstett.

Vindauge/skyvedører

Vindauge/skyvedører vert levert med utvendig utførelse i aluminium.



Ytterdører

Ytterdører leverast frå anerkjent leverandør, etter gjeldande krav til lyd og brann.

Golvlister/Gerikt

Fabrikkmålte, kvite lister, med synleg spikarhovud/skruehovud. Sparkling/måling av gjæringar må påreknast av kjøpar etter ei tid.

Diverse

Brannsløkkingsutstyr i henhold til forskrifter. Brannslangar i fellesrom, og brannvarslingsanlegg. Nødløys i fellesareal.

Plassering av bosspann og postkassar blir etter entreprenørens bestemmelsar.

TEKNISKE ANLEGG

Ventilasjon

Balansert ventilasjonsanlegg, med varme-gjenvinning. Frisklufttilførsel i reine rom, avtrekk i ureine rom.

Elektrisk

Installerast etter myndigheiter og forskrifters krav. Skjult anlegg der konstruksjonen tillet dette, automatsikringar, 1 sikringskap pr eining.

Felles anlegg plassert i teknisk rom (Plan 1). Antal punkt pr. leil. i henhold til NEK400:2014 og NEK 399. Komfyrvakt og ringeklokke på dør til leilegheit.

Installasjon for data/tele i kvar leilegheit, ikkje abonnement. Felles opplegg for fiber, ikkje dekodar og abonnement.

Teikningar av tekniske anlegg

Tekniske anlegg og framføringar til desse blir ikkje innteikna på teikningar som vert omfatta av kjøpekontrakt. Endeleg plassering av desse

vert bestemt av kva som er hensiktsmessig og naudsynt. Ein tar atterhald om endringar på planteikningar for framføring av sjakter for ventilasjonsanlegg og elektriske føringar.

Heis

Heisanlegg i bygget dekkar alle etasjar, og blir levert etter gjeldande krav.

Heisanlegg i nordenden av bygget er tilkomstheis for byggesteg C.

Med tanke på byggetekniske løysingar kan denne heisen bli oppført under byggesteg B.

Sanitær

Eit greps blandebatteri på bad og kjøken. Opplegg for oppvaskmaskin i kjøkenbenk. Montering av oppvaskmaskin ikkje inkludert.

Opplegg for vaskemaskin på bad.

Inntegna skyvedører på bad (vaskeromsdel) er ikkje inkludert i leveransen.

Fordelingsskap for vatn i kvar eining.

Oppvarming

Bygget blir levert med varmepumpe (Fjordvarme) som vil levere vassboren varme i gulv til alle leilegheit, med kwh målar til kvar leilegheit slik at ein betaler for sitt forbruk.

Inneklima

I tråd med nye forskrifter og krav, syner erfaring at inneklimaet i nye bustader har ein tendens til å utvikle låg relativ luftfuktigheit. Brukar/eigar av bustaden har ansvar for å overvåke inneklima og regulere dette slik at det tilfredstillar menneskelege krav og produktkrav for bustaden.

FELLESAREAL

Felles gang/trapperom

Sjå overflateskjema.

Parkering

Felles garasjeanlegg på plan 1. Dette anlegget er utforma med tanke på felles bruk med byggesteg C. Alle veggar, søyler og himling vert levert med ubehandla betongoverflate. Dekke i køyre og parkeringsareal blir asfaltert eller brettsturt betong. Det vil bli synlege avløpsrør, elektriske kablar i himling og på vegger.

Utebod/sportsbod

Sportsbod er plassert på plan 1 (Garasjeanlegg). Boden er ikkje egna for oppbevaring av klede, matvarer osv. Boden er å rekne som ein utebod, då det til tider kan danne seg kondens i rommet.

Uteområde/fellesareal

Viser til situasjonsplan som syner utforming av terreng og beplanting. Utomhusplanen er meint å vere illustrativ og det vil bli justeringar som følgje av stedlige tilpassingar. Alle uteområde/fellesareal er felles for byggesteg A, B og C. Uteområdet vert overlevert til sameiga for bustadblokka.

Uttrekk av tenester

Det er ikkje mulegheit for eigeninnsats/uttrekk av tenester.

Endringar og tilval

Det vert utarbeid tilvalsliste for kvar kjøpar med gjennomgang av leveransen og høve til å gjere endringar innan visse rammer. Separate møter for kjøken, elektro, og sanitær inngår dersom naudsynt. Endringar blir prisa som tilbod som

kjøpar må ta stilling til etter angitt frist.

Prosjektet blir utført som serieproduksjon, med systematisering av tekniske løysingar og val av materialar. Dette gir begrensingar for kva tilval og endringar som kan tillatast, og kva tidsrom desse endringane må bestillast.

Ferdigstilling

Innflytting stipulert til vår/sommer 2019. Overtakingsmånad vil bli varsla kjøpar ca. 2 månadar før berekna overtaking. Kjøpar akseptera at endeleg overtakingsdato vil bli varsla kjøpar seinast 7 dagar før overlevering iht. bustadoppføringslova. Alle kjøparar får overlevert FDV dokumentasjon.

Atterhald

Utbyggjar/seljar tek atterhald om at mindre avvik i forhold til teikningar og beskrivelse kan førekomme, og må godtakast av kjøpar.

Seljar tek atterhald om rett til endringar som er hensiktsmessige og naudsynte, utan prisjustering, føreset at dette ikkje reduserar den generelle standarden monaleg.

Vi tek forbehold om trykkfeil.



Overflateskjema

Blokk B Sagaparken Panorama pr. 17.10.17.

Parkering og Sportsbod

Rom	Vegger, type
Parkering	Ubehandla betong/betongelement
Felles gang/trapperom	Støvbindanda betongoverflate
Sportsbod	Kvitgrunna trepanel/ubehandla betong

Rom	Himling, type
Parkering	Ubehandla betong/betongelement
Felles gang/trapperom	Systemhimling/malt betong
Sportsbod	Kvitgrunna trepanel/ubehandla betong
Teknisk rom	Støvbinda overflate

Rom	Gulv, type
Parkering	Asfalt/kosteskura betong
Felles gang/trapperom	Golvbelegg/flis
Sportsbod	Betong
Teknisk rom	Betong

Overflateskjema

Blokk B Sagaparken Panorama pr. 17.10.17.

Plan 2-5

Rom	Vegger, type
Svalegang	Trekledning/plater
Trapperom/gang	Støvbindanda betongoverflate
Stove/kjk/sov/gang/bod	Gips/betong, sparkla, stria og målt
Bad/vask	Flis

Rom	Himling, type
Felles gang/trapperom/svalegang	Nedfora systemhimling /Betong /Plater
Stove/kjk/sov/gang/bod	Nedsenka gipshimling, sparkla og malt
Bad/vask	Nedsenka gipshimling, sparkla og malt

Rom	Gulv, type
Felles trapperom/gang	Belegg/Flis
Svalegang	Flis
Stove/kjk/sov/gang/bod	Belegg
Bad/vask	Flis
Balkong	Ubehandla betong
Felles uteareal 2. og 4. etg.	Betongheller



Alltid godt å kome heim



For meir informasjon, kontakt

Dvergsdal og Sunde Bygg AS
avdeling Nordfjord
Almenningen 1
6770 Nordfjordeid
Tlf. 577 26 500
www.sagaparken.no

Prosjektet er utvikla av

D&S Dvergsdal & Sunde

Dvergsdal og Sunde Bygg AS avd. Eid
www.dvergsdalogsunde.no

Bildekreditering:

Foto side 2: «Historisk bilde frå Nordfjordeid»
Øvrige foto: SteinArt / Steinar Engeland
3d-illustrasjon side 4 og 5: Northwest3d og SteinArt
Øvrige 3d-illustrasjoner: Dvergsdal og Sunde

Vi gjer oppmerksom på at bileta i prospektet kun er
brukt som illustrasjon.

Design og produksjon:

SteinArt / The Brand Studio

SAGAPARKEN PANORAMA

Dvergsdal & Sunde Bygg | Rune Sunde | rune@dsgruppen.no | 476 88 800

www.sagaparken.no